



Har du sett?

Kva er Den kulturelle skulesekken?

Den kulturelle skulesekken er ei nasjonal satsing som skal sikre at born og unge får møte kunst og kultur av høg kvalitet. Elevar i grunnskule og vidaregåande skule får fleire slike møte i løpet av skuleåret – og får oppleve alt frå film og musikk til teater og kulturarv. I Sogn og Fjordane er det fylkeskommunen som administrerer ordninga.

Denne brosjyren inneheld oversikt over framsyningar i Den kulturelle skulesekken 2014-2015.

LITTERATUR

VISUELL KUNST

MUSIKK

SCENEKUNST

FILM

KULTURARV



Foto: David Zaig

Kulturkontakt

Alle skular har ein kulturkontakt. Kulturkontakten er bindeledd mellom skulen og Den kulturelle skulesekken. Kulturkontakten er også ansvarleg for tilrettelegging og informasjon om tilbodet på skulen.

Vi håpar at Den kulturelle skulesekken vil gje både elevar og lærarar mange gode kunst- og kulturopplevingar skuleåret 2014-2015.

Med helsing

Den kulturelle skulesekken

Kulturavdelinga, Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Kontaktinformasjon:

Sogn og Fjordane fylkeskommune,
Kulturavdelinga, Den kulturelle skulesekken
Postboks 173, 6801 Førde, tlf. 57 63 72 00
postmottak.kultur@sfj.no



Den kulturelle skulesekken 2014–2015



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE
Den kulturelle skulesekken

PROGRAM

1.–4. STEG

5.–7. STEG

8.–10. STEG

VG2

VG3

Oldefars ulveskinnspels	litteratur	Ei figurteaterframsyning basert på boka med same namn. Forfattar Adele Lærum Duus tek oss med inn i det gamle huset på leiting etter historia om oldefar som var doktor.	●	Aurland, Balestrand, Førde, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik, Årdal
Blues for borna	musikk	Har du ein dårleg dag – spel ein blues! Med Eirik Bergene (munnspel, bass og vokal), Alexander Pettersen (trommer) og Erik Harstad (gitar og vokal).	● ●	Aurland, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Lærdal, Årdal, Luster, Vik, Førde, Jølster, Gloppen, Stryn, Hornindal, Eid, Selje, Vågsøy, Bremanger
Vaffelhjarte	teater	Sogn og Fjordane teater, i samarbeid med Den Nationale Scene, syner Maria Parr sine kjende og kjære karakterar frå boka «Vaffelhjarte».	● ●	Alle kommunane i fylket
Cirkus Agora	scenekunst	Sirkusdirektør Jan Ketil Smørdal og sjonglør Matte Knapp gjer skulen om til ein manesje!	● ●	Askvoll, Fjaler, Gaular, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Naustdal, Solund, Flora
Daisy Jopling	musikk	Energisk møte med fiolinist i verdensklasse. Daisy Jopling kjem direkte frå New York til Sogn og Fjordane!	● ●	Jølster, Gloppen, Stryn, Eid, Hornindal, Vågsøy, Selje, Bremanger
To menn og ei tavle	crossover	To menn og ei tavle er ei vill og morosam framsyning der tvillingbrørne Svein og Egil Nyhus teiknar og fortel for og med publikum.	● ●	Gloppen, Hornindal, Jølster, Selje, Vågsøy, Bremanger, Eid, Stryn
Lyriaka	musikk	Poprock med høg underholdningsfaktor der born frå heile landet har skrivne tekstane. Lyriaka er Øyvind Gravdal (saksofon), Øyvind Fosshem (tangentar) og Jon Arne Bjørnstad (vokal og gitar)	● ●	Høyanger, Solund, Gulen, Hyllestad, Fjaler, Gaular, Askvoll, Naustdal, Flora
Good time Charlie	musikk	Good Time Charlie med nyskapande nynorsk blues basert på albumet "Drumeblues og Blåsus". Arle Hjelmeland (song), Steinar Karlsen (gitar), Morten Skage (bass) og Einar Olsson (trommer)	● ●	Sogndal, Førde, Balestrand, Vik, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, Leikanger
Tomlane opp	musikk	Ein konsert som er leiken og musikalsk alvorleg på same tid. Per Jørgensen (trompet), Stein Urheim (gitar) og Frank Jakobsen (trommer) vert rekna som nokre av våre fremste jazzmusikarar.	● ●	Høyanger, Gulen, Solund, Hyllestad, Fjaler, Gaular, Askvoll, Naustdal, Flora
GrunnLove	musikk	Møt slam-poeten, skodespelaren og songaren Sarah Camille Ramin Osmundsen i programmet GrunnLove, som er ein del av det offisielle Grunnlovsjubileet.	● ●	Førde
Svarte-Mathilda	litteratur	Bøkene om Svarte-Mathilda har vore nominerte til Uprisen som beste barne-/ungdomsbøker. Forfattaren Tor Arve Røssland les og fortel om hovudpersonen i bøkene.	● ●	Aurland, Balestrand, Førde, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik, Årdal
Møtepunkt himmel og jord	kulturarv	Ei ressurskasse med religiøse gjenstandar som skulane kan bestille til bruk i ulike fag.	● ●	Nokre skular i kommunane: Bremanger, Stryn, Jølster, Gulen, Aurland, Hornindal, Gloppen og Naustdal.
Teikneserieverkstad	crossover	Teikneserieskapar Tore Strand Olsen seier ein treng ikkje teikne fint for å lage ei teikneseriehistorie!	● ●	Gloppen, Hornindal, Jølster, Selje, Vågsøy, Bremanger, Eid, Stryn
Snakk om språk	litteratur	Ei framsyning med aktiv deltaking frå tilhøyrarane. I samtalen kjem ein inn på elevares og eigne haldningar til språk. Målet er å gjere elevane bevisste på at språk er viktig!	● ●	Gloppen, Hornindal, Jølster, Selje, Vågsøy, Bremanger, Eid, Stryn
Rachel Hair Trio	musikk	Keltisk harpe i melodiest og fengande samspel. Rachel Hair (keltisk harpe), Jenn Butterworth (gitar) og Matt "The Hat" Downder (kontrabass).	● ●	Høyanger, Gulen, Solund, Hyllestad, Gaular, Fjaler, Askvoll, Naustdal, Flora
Hemmeleg helt	litteratur	Forfattar Svein Sæter fortel om mannen som levde eit så eventyrlig liv at det er skildra i fire spelefilmar.	● ●	Askvoll, Fjaler, Gaular, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Naustdal, Solund, Flora
Fotball: Galskap eller lidenskap?	litteratur	Foredraget til forfattar Ragnhild Lund Ansnes er ei engasjerande og lidenskapeleg reise - i heile spekteret frå fotballgalskap til fotballlidenskap.	● ●	Askvoll, Fjaler, Gaular, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Naustdal, Solund, Flora
Nils Olav Johansen	musikk	Med gitar, iPad og video på jakt etter nye lydunivers. Gitaristen frå Farmers Market får fritt spelarom.	● ●	Høyanger, Gulen, Solund, Hyllestad, Gaular, Fjaler, Askvoll, Naustdal, Flora, Sogndal, Førde, Balestrand, Vik, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, Leikanger
Distriktsmusikarane i Sogn	musikk	Nytt skulekonsertprogram med Distriktsmusikarane i Sogn. Meir informasjon om dette programmet kjem seinare. Bjørn Gisle Seter (song), Dora David (fløyte) og Dorina Komani (piano).	● ●	Sogndal, Førde, Balestrand, Vik, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, Leikanger
Chili Vanilla	musikk	Ung kontrastfylt avantgardepop, improvisasjon og kontrastfylte lydlandskap møter drivande og fengande groovar. Med Synne Sanden (vokal), Steffen Granly (tuba) og Siv Øyunn Kjenstad (trommer).	● ●	Jølster, Gloppen, Stryn, Hornindal, Eid, Selje, Vågsøy, Bremanger
Konge utan krone	visuell kunst	Elevane får eit unikt innblikk i ein liten del av Slottet sine samlingar av fotografi. Etter introduksjon arbeider elevane i grupper, lagar sjølve sine utstillingar og arbeider med fotooppgaver.	● ●	Førde, Sogndal, Vik
Cameleonte Musicale	musikk	Bli med Distriktsmusikarane i Gloppen til eit musikalsk grenseland med klassisk og rytmisk musikk. Synnøve Nordvik, Otto Øse, Tone Holgersson og Thomas Aanonlie.	● ●	Jølster, Gloppen, Stryn, Hornindal, Eid, Selje, Vågsøy, Bremanger
Fear infection	dans	Gjennom eit fysisk, urbant språk og med spesialkomponert musikk, tek danseframsyninga «Fear infection» opp tema som frykt og redsle.	● ●	Aurland, Luster, Årdal, Lærdal, Leikanger, Balestrand
Bawke	film	Filmskapar Hisham Zaman fortel om far og son på flukt gjennom Europa. Faren får ikkje opphald i Noreg, og ofrar seg for at sonen skal få eit betre liv.	● ●	Aurland, Balestrand, Førde, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik, Årdal
Brevet til kjærleiken	musikk/litteratur	Eit møte med diktinga til Jan Magnus Bruheim gjennom musikken til Sigrild Moldestad og eit knippe eminente medmusikarar.	▲ ▲	Alle dei vidaregåande skulane
Filmhjelp.no	film	«filmhjelp.no» vil vise korleis vi kan utnytte kvardagsteknologien til å lage film i ulike sjangrar.	▲ ▲	Vidaregåande skular i Sunnfjord og Sogn
Mat	teater	Kva skjer dersom dei vi kjøper mat av i utlandet vil behalde maten sin sjølve? Framsyninga tek føre seg historie knytt til mat og matproduksjon heilt frå seksti år tilbake og endar opp førti år fram i tid.	▲ ▲	Alle dei vidaregåande skulane
Brev til Kongen	film	Vi møter fem personar på busstur frå eit asylmottak. Hisham Zaman skildrar dei fem livshistoriene – bundne saman av eit brev som åttitre år gamle Mirza skal gje kongen.	▲ ▲	Alle dei vidaregåande skulane

Meir informasjon om alle framsyningane på:

www.skulesekken.no